



Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/4120-2

## **Jølster - Astrtupunet - søknad om tilskot til forprosjekt for visningssenter**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for næring og kultur ser positivt på den satsinga som no vert gjort for å sikre og utvikle Astrtupunet.
2. Hovudutvalet disponerer sjølv ikkje økonomiske midlar som kan imøtekomme søknaden frå Jølster kommune om tilskot til forprosjekt for visningssenter for Astrtupunet, og ber om at søknaden vert meldt inn for vurdering i samband med tertial 1/19.

**Vedlegg:**

Søknad frå Jølster kommune av 19. mars 2019

**Andre relevante dokument i saka:**

---

### **SAKSFRAMSTILLING**

---

#### **1. Bakgrunn for saka**

Jølster kommune har søkt Sogn og Fjordane fylkeskommune om støtte på kr. 1,4 mill. til eit forprosjekt for visningssenter ved Astrtupunet. Visningssenter er ein del av Jølster kommune sitt arbeid med utviklinga av Astrtupunet.

Jølster kommune si satsing på Astrtupunet omfattar fleire delprosjekt som i hovudsak har vore finansiert av Sparebankstiftinga DNB som eig ei stor samling av Nikolai Astrup sine verk. Satsinga omfattar desse prosjekta:

- Internasjonal lansering av Astrup sin kunst gjennom utstillinga *Painting Norway, Nikolai Astrup 1880-1928*.
- Forskingsprosjekt knytt til å skildre historia, utviklinga og situasjonen på Astrtupunet, noko som har resultert i følgjande rapportar:
  - Astrtupunet i Jølster. Nikolai Astrups gårdshage, Sandalstrand – hagehistorisk rapport 2017, utført av Arkadia Landskap.
  - Astrtupunet i Jølster. Nikolai Astrups gårdshage på Sandalstrand. Restaureringsforslag. Arkadia landskap 2018.
  - Rapport for å ivareta bygningane i Astrtupunet, Norsk institutt for kulturminneforskning.
- Filmen «Flammen over Jølster» om Nikolai Astrup sitt liv som skal ha premiere hausten 2019.
- Opprusting og istandsetjing av galleriet i Astrtupunet.
- Nytt visningssenter.

Tiltaka som er omtalt i dei nemnde rapportane er planlagt gjennomført over ein 4 års periode og skal etter planen startast opp våren 2019. Tiltaka har ein samla kostnad på 48 mill. kr. og Sparebanksstiftelsen DNB er ein sentral part i finansieringa.

Jølster kommune søker no om støtte til å finansiere eit forprosjekt for å få bygd eit visningssenter i tilknyting til Astruptunet. Bakgrunnen for planane om eit visningssenter er for å avlaste sjølve tunet som består av små bygningar som ikkje er bygd med tanke på at mange besökande skal gå inn i dei. Vidare skriv dei at det er vanskeleg å få til god tilgjenge for alle i tunet då det ligg bratt til og universell utforming er vanskeleg å få til. Eit anna moment dei trekkjer fram er ynsket om å syne noko av Astrup sin kunst der han budde og arbeidde.

Jølster kommune har peika ut ei nemnd med mandat til å vurdere og arbeide med problemstillingar i og rundt tunet. Nemnda har arbeidd med ulike løysingar knytt til plassering av eit visningssenter og til tal besökjande ein kan forvente seg i framtida. Nemnda er oppteken av at visningssenteret må ha ei plassering og utforming som gjev det ein neddempa utsjånad som ikkje konkurrerer med Astruptunet sjølv om det vert plassert i nærleiken av tunet. I denne samanhengen ynskjer dei å greie ut tre alternative løysingar:

- Tilkomst frå vest, med visningssenter og parkering
- Visningssenter ved vatnet, med tilkomstveg til tunet frå vest.
- Tilkomst/parkering frå aust, med visningssenter aust for tunet.

Nemnda har fått utarbeidd eit notat frå Nordplan AS som ser på ulike alternativ til plassering av visningssenter, tilkomst til tunet og parkering. Ved utarbeidning av dei ulike alternativa har det vore fokusert på at det skal gjerast minst mogleg tiltak i sjølve tunet og at mest mogleg av omgjevnadane i og rundt tunet skal vere upåverka. For meir informasjon syner vi til vedlegg 1.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Jølster kommune har tidlegare arbeidd for bygging av eit visningssenter ved Astruptunet. Dei tidlegare planane var svært omfattande og ville føre til vesentleg endring av landskapet knytt til Astruptunet med tap av dei kulturhistoriske verdiane i området. Fylkesrådmannen tilrådde motsegn i samband med revidering av reguleringsplanen for området. I FU-sak 128/08 vart det gjort slikt vedtak:

*«Fylkesutvalet har ingen merknad til «Reguleringsplan for nytt Astruptun, Sandalen i Jølster» datert 01.02.08, og revidert plan datert 03.11.08.»*

Då fylkesutvalet gjorde vedtak i strid med fagleg tilråding vart saka i tråd med forskrift til lov om kulturminne av 1978 kap. 1 §3 og rundskriv T-4/92 frå Miljøverndepartementet sendt til Riksantikvaren som gjekk inn i saka og oppretthaldt motsegn mot planen, jf. brev av 20. januar 2009. Jølster kommune valde så å avslutte arbeidet med revidering av reguleringsplanen og reguleringsplanen av 11.04.94 er framleis gjeldande.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Astruptunet er eit kulturminne av nasjonal verdi der både bygningane i tunet, Astrup sin gardshage, nabotunet og kulturlandskapet er viktige moment i heilskapen til anlegget. Vidare utgjer tuna, hagen og kulturlandskapet ein viktig del av motivkretsen til Nikolai Astrup sin produksjon etter at han flytta til Sandalstrand (Astruptunet).

I søknad om støtte til vidare arbeid med forprosjekt til nytt visningssenter ved Astruptunet har Jølster kommune tatt omsyn i merknadane frå Riksantikvaren i deira brev av 20. januar 2009 og starta arbeidet med å få utgreidd eit besökssenter som er tilpassa terrenget og bygningane i tunet. I tillegg til at storleiken på visningssenteret er nedskalert i høve til det førre prosjektet med besökssenter. Slik forprosjektet er skildra i søknaden er det tre ulike lokaliseringar som skal utgreia, der det overordna målet er å få illustrert terrenngnepa som grunnlag for vidare vurdering av moglege løysingar.

Fylkessdirektøren finn det positivt at Jølster kommune arbeidar vidare med å få til eit visningssenter ved Astruptunet som tek omsyn til tunet sine store kulturhistoriske verdiar. Vidare

vurderer fylkesdirektøren at dei tre alternativa er interessante å få utgreidd vidare. Alternativa har fordelar og ulemper i høve omsynet til dei kulturhistoriske verdiane i tunet. Dette gjeld omfanget av terrenginngrep og plassering, storlek og utforming av visningssenter, samt tilhøvet til universell utforming. Fylkesdirektøren ser at dette kan løysast på mange måtar og at det er viktig at fylkeskommunen bidreg inn i prosjektet både økonomisk og med fagkompetanse i høve til omsynet til dei kulturhistoriske verdiane i tunet.

Jølster kommune søker om 1,4 mill. kr. til det vidare arbeidet med forprosjektet. Dette er ei fullfinansiering av det arbeidet som skal gjerast. I møte med kommunen 1.4.2019 vart kommunen utfordra på dette. Dei viste då til at kommunen alt har løyvt 2,8 mill kr til vedlikehald av galleriet, og bunde seg til å setje av 1 mill kr årleg i fire år til prosjektleiing av dei omtalte tiltaka som følgjer av «hageprosjektet». Ut frå dette nyttar kommunen sjølv 6,8 mill kr til satsinga på Astruptunet. 1,4 mill kr oppå dette utgjer omlag 17% av samla kostnader som ligg til kommunen å finansiere. Hovudutval for næring og kultur disponerer ikkje midlar på budsjettet som kan finansiere eit tilskot i den storleik. Fylkesdirektøren viser til etablerte rutinar for eksterne søknader, gjengitt i budsjett 2019/økonomiplan 2019-2022, pkt 1.5:

*«Fylkeskommunane er som regional utviklingsaktør avhengig av eit aktivt samspele med aktørar på ulike arenaer. Som ein del av dette samspelet får fylkeskommunen ei rekke innspel i løpet av året med søknad om finansiell medverknad til ulike prosjekt.*

*Følgjande rutine er etablert i høve eksterne søknader/innspel om finansiell medverknad til ulike prosjekt:*

- *Søknaden/innspelet skal så raskt som mogeleg og løpande gjevast ei fagleg vurdering i høve dei overordna strategiane for den aktuelle sektoren.*
- *Om søknaden/innspelet har tverrsektoriell tilnærming, avgjer fylkesrådmannen kva fagmiljø som skal inn i vurderinga av søknaden.*
- *Aktuelt/aktuelle hovudutval skal så raskt som mogeleg avgjere den vidare lagnaden til søknaden (om den skal kanaliserast inn mot eksisterande søknadsordningar/ budsjettprosess/eller eventuelt gjevast avslag)*
- *Søknader/innspel som vert vist til budsjettprosessen skal prioriterast opp mot eksisterande verksemrd og aktivitet innafor sektoren sine rammer, eventuelt opp mot tiltak på tilhøyrande marginallister, i hovudutvala sine tilrådingar til finansutvalet.*
- *Søknader/innspel som vert vist til vurdering i budsjettprosessen, men som kjem til handsaming etter hovudutvala sitt prioriteringsmøte i august/september, skal som hovudregel visast til neste års budsjettprosess.*
- *Lagnaden til søknaden/innspelet skal meddelast avsendar snarast råd.»*

Fylkesdirektøren vurderer at den satsinga Jølster kommune er inne i, og som denne søknaden er del av, er i tråd med føringar i regional plan for kultur, jf pkt 8.1.4 Kulturelle kraftsenter der Astruptunet og oppgraderinga der er nemnd. Etter fylkesdirektøren si vurdering er det viktig å støtte opp om den Astrup-satsinga som no er i gang. Dette er ei langsiglig strategisk satsing som har både ei kunst- og kulturpolitisk forankring, og ei reiselivsmessig forankring fylkeskommunen ideelt sett bør vere med og støtte opp om. Ettersom hovudutvalet ikkje disponerer eigne midlar i den storleik det her er snakk om, ville normal prosedyre vere å legge søknaden over til budsjettprosessen for kommande år. Ettersom dette er eit prosjekt Jølster kommune ønskjer framdrift på, vil fylkesdirektøren rá til at saka i første omgang vert sendt over for vurdering i samband med handsaming av tertial 1/19.

### **3. Konklusjon**

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med tilrådinga.